



Lotterinemnda

## Vedtak i Lotterinemnda 27. januar 2020

### Sak

**2019/0345 Stiftinga Bergsliminne – 912 780 724 – klage over vedtak om avslag på innmeldt smålotteri**

**Til stades:** leiar Elisabeth Wittemann, medlem Åse Gustavsen og medlem Ingjald Sørhøy

### Bakgrunn for saka

Stiftinga Bergsliminne (klagar) melde 30. april 2019 inn eit smålotteri med føremål å finansiere rehabilitering av Bergslitræet museum og sosial møteplass.

Lotteritilsynet avslo søknaden 3. mai 2019, fordi det innmelde lotteriet ikkje oppfylte vilkåra i forskrift om lotteritilsynet og lotteriregisteret m.m. § 5-1, jf. lotterilova § 7. Avslaget blei grunnlagt med at bevaringsverksemd knytt til kulturminne generelt blir rekna som ei offentleg oppgåve, og at det etter forskrift om lotteritilsynet m.m § 5-1 ikkje kan haldast smålotteri som har til føremål å finansiere ei offentleg oppgåve.

Klaga klaga på vedtaket 12. mai 2019. Klaga held fram at klaga ikkje får tilskot til vedlikehald og drift gjennom faste overføringar frå det offentlege. Styret må søkje lokalt, fylkeskommunalt og nasjonalt for at stiftinga skal overleve økonomisk. Det er eit stort arbeid å drifte stiftinga. Museet er gratis, fordi det er for lite til å ta betaling, og kafeen er ein kaffitraktar og eit dobbelt vaffeljern. Dei driv kommersielt i veldig liten målestokk. På papiret skulle arbeidet med å ta vare på kunstnarheimen vere ei offentleg oppgåve, men slik er det ikkje i praksis. Det blir elles vist til klaga i sin heilskap.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende 21. mai 2019 klaga med innstilling til Lotterinemnda for handsaming.

### Det rettslege grunnlaget

Etter lov 24. februar 1995 om lotterier m.v. (lotterilova) § 6 er det krav om løyve frå Lotteritilsynet for å halde lotteri, med unntak av lotteri som er nemnde i § 7. Etter lotterilova § 7 første ledd bokstav b kan ein utan løyve halde førehandstrekte og etterhandstrekte lotteri med ei avgrensa omsetning (smålotteri).

Forskrift 21. desember 2000 om lotteritilsynet og lotteriregisteret m.m.(forskrift om lotteritilsynet m.m.) inneheld nærmare reglar om lotteri som ikkje treng løyve. Forskrifta § 5-1 lyder:

#### Postadresse

Postboks 511 Sentrum  
5805 Bergen

#### Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7  
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

«Organisasjoner som i sin virksomhet ivaretar formål som nevnt i lotteriloven § 5 første ledd, kan uten tillatelse avholde forhånds- og etterhåndstrukne lotteri med omsetning inntil kr 200 000 per kalenderår. [...]

Første ledd gjelder også for lokale og regionale ideelle og frivillige organisasjoner, der lotteriets inntekter ikke skal benyttes til kommersielt basert virksomhet eller til ivaretagelse av offentlige oppgaver.»

Etter forvaltningslova § 34 kan klageinstansen prøve alle sider av saka og ta omsyn til nye opplysningar. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny handsaming.

### **Lotterinemnda si vurdering**

Klaga frå Stiftinga Bergsliminnet gjeld Lotteritilsynet sitt avslag av 3. mai 2019 på melding om smålotteri.

Klaga er etter det opplyste ei offentleg stifting med føremål å ta vare på Bergslitræet i Voss, og å utvikle eit dokumentasjonssenter for dei tre Bergslilkunstnarane Knud, Brynjulf og Nils og andre kunstnarar med tilknytning til Voss. Stiftinga er ein lokal frivillig og ideell organisasjon. Føremålet med det innmelde smålotteriet er å finansiere rehabilitering av Bergslitræet museum og sosial møteplass.

Rehabilitering av eit museum må etter Lotterinemndas vurdering reknast som kulturvern. Etter langvarig praksis frå Lotterinemnda og Lotteritilsynet blir arbeid for vern av kulturminne sett på som ei offentleg oppgåve, og verksemd med føremål om vern av kulturminne kan derfor ikkje finansierast ved lotteri, jf. til dømes Lotterinemnda sine avgjersler 6. juni 2018 i sak 2018/0141 (Hjørundfjord Kulturvernlag) og 16. september 2019 i sak 2019/31 (Tranøy Kystlag). Som Lotteritilsynet har gjort greie for, er denne praksisen mellom anna grunnlagt med at det allereie finst ei rekkje offentlege organ som administrerer støtteordningar retta mot bevaring og tilgjengeleggjering av kulturminne.

Det er på denne bakgrunn nemnda si vurdering at det innmelde smålotteriet ikkje oppfyller vilkåra i forskrifta om lotteritilsynet m.m. § 5-1, og at Lotteritilsynet sitt vedtak om å avslå meldinga er riktig.

### **Konklusjon**

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

### **Vedtak**

Klaga blir ikkje teken til følgje.